

Tepstad, Kjetil

---

<b>Dato</b>	28.01.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/4773-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Malene Utkilen
<b>E-post</b>	Malene.Utkilen@vlfk.no
<b>Telefon</b>	94172524

## Uttale- mindre endring av gjeldande reguleringsplan - Småland Næringsområde- Hauge gnr 2 bnr 1 - Osterøy kommune

Avdeling for infrastruktur og veg i Vestland fylkeskommune viser til brev av 07.01.2022 med varsel om oppstart av mindre endring av reguleringsplan «SMÅLAND NÆRINGSOMRÅDE - HAUGE. GNR 2 BNR 1 MFL.». Hovedføremålet med endringa er å legge til rette for å etablere eit større næringsbygg innafor planområdet enn det som er vist i godkjent plan.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:  
[www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing](http://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing).

Som følgje av regionreforma av 01.01.2020 har Vestland fylkeskommune tatt over ansvaret for forvaltninga av fylkesvegane frå Statens vegvesen. Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, uttalar seg til denne saka som eigar og forvaltar av fylkesveg 567 Valestrandvegen.

### Vurdering

Den føreslegne endringa gjeld inndeling av næringsområdet frå fem til fire byggeområde i plankartet. Dette inneber at storleiken på ein av bygningane blir større. Avdeling for infrastruktur og veg har ingen vesentlege merknadar til denne endringa. Vi ønsker samstundes å nytte høve til å be om at de endrar føresegn 2.8.3 frå Statens vegvesen til Vestland fylkeskommune:

«2.8.3 Før arbeid med gang- og sykkelveg o\_SGS, annan veggrunn o\_SVG og veg f\_SKV2 kan setjast i gang må det vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom Statens vegvesen og tiltakshavar.»

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Malene Utkilen**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

OSTERØY KOMMUNE

Postboks 1